

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/26/11

av 18. desember 2003

om fastsetjing av nærmare reglar for samanliknande fellesskapsforsøk med og fellesskapsanalysar av frø og økslingsmateriale av visse planteartar til jordbruksføremål og visse grønsakartar og vinstokkar som er nemnde i rådsdirektiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF, for åra 2004 og 2005^(*)

[meldt under nummeret K(2003) 4836]

(2004/11/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 66/401/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av frø fra förvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 20 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 66/402/EØF av 14. juni 1966 om markedsføring av såkorn⁽²⁾, særleg artikkel 20 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 68/193/EØF av 4. april 1968 om markedsføring av vinstokkmateriale for vegetativ formering⁽³⁾, særleg artikkel 16 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 92/33/EØF av 28. april 1992 om markedsføring av formeringsmateriale og plantemateriale av grønnsaker, med unntak av frø⁽⁴⁾, særleg artikkel 20 nr. 4, 5 og 6,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/54/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av betefrø⁽⁵⁾, særleg artikkel 26 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/55/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av grønnsakfrø⁽⁶⁾, særleg artikkel 43 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/56/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av settepoteter⁽⁷⁾, særleg artikkel 20 nr. 3, 4 og 5,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/57/EF av 13. juni 2002 om markedsføring av frø fra oljevekster og fibervekster⁽⁸⁾, særleg artikkel 23 nr. 3, 4 og 5, og

ut frå desse synsmåtane:

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 3 av 7.1.2004, s. 28, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 121/2004 av 24. september 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 12 av 10.3.2005, s. 10.

(1) TEF 125 av 11.7.1966, s. 2298/66. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF (TEU L 165 av 3.7.2003, s. 23).

(2) TEF 125 av 11.7.1966, s. 2309/66. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF.

(3) TEF L 93 av 17.4.1968, s. 15. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF.

(4) TEF L 157 av 10.6.1992, s. 1. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF.

(5) TEF L 193 av 20.7.2002, s. 12. Direktivet endra ved direktiv 2003/61/EF.

(6) TEF L 193 av 20.7.2002, s. 33. Direktivet endra ved direktiv 2003/61/EF.

(7) TEF L 193 av 20.7.2002, s. 60. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF.

(8) TEF L 193 av 20.7.2002, s. 74. Direktivet sist endra ved direktiv 2003/61/EF.

1) I direktiv 66/401/EØF, 66/402/EØF, 68/193/EØF, 92/33/EØF, 2002/54/EF, 2002/55/EF, 2002/56/EF og 2002/57/EF er det fastsett at Kommisjonen skal vedta dei føresegnene som er naudsynte for gjennomføring av samanliknande fellesskapsforsøk med og fellesskapsanalysar av frø og økslingsmateriale.

2) For gjennomføringa av dei førnemnde forsøka og analysane er det kunngjort ei prosjektinnbyding (2003/C 159/08)⁽⁹⁾.

3) Framlegga er vortne vurderte i samsvar med dei utveljings- og tildelingskriteria som er fastsette i den førnemnde prosjektinnbydinga. Prosjekta, organa som har ansvaret for gjennomføring av prøvene, kostnadene som kan dekkjast og dessutan den høgste finansielle støttesummen frå Fellesskapet, som svarar til 80 % av kostnadene som kan dekkjast, bør fastsetjast.

4) Samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar bør i åra 2004 og 2005 gjennomførast på frø og økslingsmateriale som er hausta i 2003, og dei nærmare reglane for slike forsøk og analysar, saman med den høgste finansielle støttesummen frå Fellesskapet, bør òg fastsetjast årleg ved ei avtale som skal underskrivast av den rette personen med tilvisingsfullmakt i Kommisjonen og av det organet som har ansvaret for å gjennomføre forsøka.

5) For samanliknande fellesskapsforsøk og -analysar som varer lenger enn eitt år, bør dei delane av forsøka og analysane som vert gjennomførde etter det første året, kunne godkjennast av Kommisjonen utan nærmare samråd med Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk, på det vilkåret at dei naudsynte løyvingane er gjevne.

6) Det bør sikrast at dei prøvene som vert tekne i samband med forsøka og analysane, er tilstrekkeleg representative, i det minste når det gjeld visse utvalde planter.

(9) TEU C 159 av 8.7.2003, s. 19.

- 7) For å kunne trekkje dei rette konklusjonane frå dei samanliknande fellesskapsforsøka og -analysane bør medlemsstatane ta del i desse dersom frø og økslingsmateriale av dei plantene som det gjeld, vanlegvis vert øksla eller marknadsførde på territoriet deira.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Det skal i tidsrommet 2004-2005 gjennomførast samanliknande fellesskapsforsøk med og fellesskapsanalysar av frø og økslingsmateriale av dei plantene som er førde opp i vedlegget.

Kostnadene som kan dekkjast, saman med den høgste finansielle støttesummen frå Fellesskapet for forsøk og analysar som skal gjennomførast i 2004, er fastsette i vedlegget.

Dei nærmare reglane for forsøka og analysane er førde opp i vedlegget.

Artikkel 2

I den mon økslings- og plantingsmateriale frå planter som er førde opp i vedlegget, vanlegvis vert øksla eller marknadsførde på territoriet deira, skal medlemsstatane ta prøver av dette materialet og gjere det tilgjengeleg for Kommisjonen.

Artikkel 3

Kommisjonen kan avgjere at dei forsøka og analysane som er førde opp i vedlegget, skal førast vidare i 2005, på det vilkåret at det finst tilgjengelege budsjettmidlar.

Den høgste finansielle støttesummen frå Fellesskapet, som svarar til 80 % av kostnadene som kan dekkjast i samband med eit forsøk eller ein analyse som vert ført vidare på dette grunnlaget, skal ikkje overstige den summen som er fastsett i vedlegget.

Artikkel 4

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 18. desember 2003.

For Kommisjonen

David BYRNE

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

Forsøk og analysar som skal gjennomførast i 2004					
Art	Ansvarleg organ	Krav som skal vurderast	Tal på prøver	Kostnader som kan dekkjast (euro)	Høgste finansielle støttesum frå Fellesskapet (svarar til 80 % av kostnadene som kan dekkjast) (euro)
Beta(*)	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	100	19 000	15 200
	ETSIA Madrid (E)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	100 + 100	47 022	37 618
Gramineae(*)	NIAB Cambridge (UK)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	230	22 564	18 051
Vicia	AGES Wien (A)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	60	17 673	14 138
Medicago sativa(*)	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	50	4 500	3 600
Triticum aestivum (vårkveite)	NAK Emmeloord (NL)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	100	19 248	15 399
Zea mays	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	80	17 600	14 080
Solanum tuberosum	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik, plantehele (feltforsøk) Plantehele (ringrøte/brunnrøte/pstv) (laboratorieanalyse)	250	62 500	50 000

Forsøk og analysar som skal gjennomførast i 2004					
Art	Ansvarleg organ	Krav som skal vurderast	Tal på prøver	Kostnader som kan dekkjast (euro)	Høgste finansielle støttesum frå Fellesskapet (svarar til 80 % av kostnadene som kan dekkjast) (euro)
Bomull	Landbruksdept. Tessaloniki (EL)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet, fiberkvalitet (laboratorieanalyse)	60	26 242	20 993
<i>Linum usitatissimum</i>	NIAB Cambridge (UK)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	80	22 072	17 658
<i>Papaver somniferum</i>	AGES Wien (A)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	30	13 399	10 720
<i>Allium Cepa, Allium porrum</i>	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	50	11 250	9 000
<i>Brassica oleracea</i>	NAKT Roelofarendsveen (NL)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorieanalyse)	70	48 986	39 189
<i>Allium ascalonicum</i> (sjalottlauk)	NAKT Roelofarendsveen (NL)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Plantehelse (laboratorieanalyse)	70	32 646	26 117
	GNIS-SOC Paris (F)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Plantehelse (laboratorieanalyse)	70	33 320	26 656
<i>Vitis vinifera</i> (*)	ENTAV Le Grau du Roi (F)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Plantehelse (laboratorieanalyse)	120	36 000	28 800
SAMLA KOSTNAD				347 219	

Forsøk og analysar som skal gjennomførast i 2005					
Art	Ansvarleg organ	Krav som skal vurderast	Tal på prøver	Kostnader som kan dekkjast (euro)	Høgste finansielle støttesum frå Fellesskapet (svarar til 80 % av kostnadene som kan dekkjast) (euro)
Beta(*)	ETSIA Madrid (E)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorie-analyse)	100	23 511	18 809
Gramineae(*)	NIAB Cambridge (UK)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorie-analyse)	230	22 098	17 678
Medicago sativa(*)	ENSE Milano (I)	Sortsekleik og sortsreinleik (feltforsøk) Ytre frøkvalitet (laboratorie-analyse)	50	6 500	5 200
SAMLA KOSTNAD				41 687	

(*) Forsøk og analysar som varer lenger enn eitt år.